

Aure kommune

6690 AURE

Vår dato: 12.04.2021

Vår ref.: 202104327-2

Arkiv: 323

Dykkar dato: 19.02.2021

Dykkar ref.: 20/01148-15

Sakshandsamar:

Ole-Jakob Sande

NVE sin uttale til offentlig ettersyn av kommuneplanen sin samfunnsdel 2021-2033 for Aure kommune

Vi viser til brev datert 19.02.2021. Saka gjeld offentlig ettersyn av kommuneplanen sin samfunnsdel 2021-2033 for Aure kommune.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE har ikkje registrert varsel om planstart for arbeidet og har ikkje gitt innspel i saka.

NVE meiner det er bra at kommunen legg FN sine bærekraftmål som eit grunnlag for kommunen si planlegging. Måla i samfunnsdelen er kopla med strategiar for arealbruken, som i neste omgang bør vere grunnlag for arbeid med kommuneplanen sin arealdel.

Som ein generell merknad viser vi til at tilpassing til forventna klimaendringar er ei planoppgåve, jf. pbl. § 3-1 første ledd bokstav g), og det er bra at kommunen har søkelys på klima og klimatilpassing. Pbl § 3-1 første ledd bokstav i) slår også fast at det er ei planoppgåve å leggje til rette for ei heilskapleg forvaltning av vatnet sitt kretsløp.

Det er viktig at alle vassdrag (elv, bekk, vatn mv) og dreneringslinjer vert kartlagt tidleg i planprosessar, slik at bygningar kan plasserast utan å vere utsett for flaumfare jf. byggtknisk forskrift (TEK17) kap. 7. Vi viser også til vassressurslova § 7 som stiller krav om at utbygging og annan grunnutnytting

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord

Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



fortrinnsvis bør skje slik at nedbøren framleis kan infiltrere i grunnen. Byggegrenser mot vassdrag og omsyn til kantsona er gode verkemiddel i denne samanhengen.

Med helsing

Ann-Kristin Larsen
seksjonssjef

Ole-Jakob Sande
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Kopi til:

Møre og Romsdal fylkeskommune
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL